

## Nærinspolitikk frå Finnøy Venstre

Valet i september kan bli det siste for Finnøy som eigen kommune. Uansett kva som skjer med kommunegrensene vil Venstre jobba aktivt for eit best mogleg tenestetilbod, og for at folk flest skal få jobba der dei bur, også på dei ikkje-landfaste øyane. Me vil jobba for at eksisterande næringsliv blir styrka og for at nye verksemder kan etablere seg i kommunen.

Venstre vil blant anna ta tak i havbruksnæringa.

Finnøy er ein av få kommunar i landet som allereie har mykje og unik kompetanse innan ulike havbruksnæringar. Me har egna lokalitetar, utstyr og store menneskelege ressursar. Denne type næring vil bli stadig viktigare, venteleg viktigare enn olja i framtida, difor vil Finnøy Venstre utvikla denne i endå større grad enn det som er blitt gjort hittil. Me vil vidareføra arven frå Rygjabømiljøet med kunnskap og innovasjon, og utvikla moglegheitene ytterlegare saman med næringa. Målet er å gjera Finnøy til ein føregangskommune innan havbruk og havbrukskompetanse. Vidare vil me sikra at ein større del av verdiskapinga blir verande igjen i kommunen blant anna ved å innføra arealavgift frå dei mange oppdrettsanlegga. Vel så viktig er det at kommunen sikrar seg etablering av Akvapark Innovasjon, som vil tiltrekkja meir aktivitet, og i kraft av seg sjølv genererer nye verksemder.

Primærnæringane, spesielt landbruk har vore, og er framleis ein viktig del av næringsaktiviteten i kommunen. Finnøylandbruket har lange tradisjonar som ein viktig leverandør i Matfylket Rogaland. Dette skal me ta vare på og vidareutvikla. Finnøy Venstre ynskjer å ta vare på mangfaldet i landbruket og bidra til ein variert matproduksjon med spennande lokale spesialitetar, i tillegg til den viktige volumproduksjonen.

Per i dag er primærnæringa framleis den største næringa i kommunen med omlag 30% av sysselsetjinga, og utgjer sjølve ryggrada i vår sosiale og kulturelle ståstad. Tomatnæringa er utfordra, og me vil at Finnøy også i framtida skal vera leiande innan denne produksjonen. Å driva tradisjonelt jordbruk effektivt og rasjonelt med vår geografi, er som alle veit utfordrande. Me vil forsikra bøndene om at Venstre vil gjera alt me kan for å støtta opp og leggja til rette for eit levande landbruk i heile kommunen.

Me vil fortsetja å fremja viktige, lokale synspunkt inn mot sentrale styresmakter, seinast nå er den vanskelege situasjonen for delar av tomatnæringa løfta opp på ministernivå.

Me skal og halda fram samarbeidet med bondelag og andre i primærnæringene for å synleggjera synspunkt og utfordringar.

I god Venstre-ånd vil me arbeida hardt med, og for, små og mellomstore verksemder, det vil sei for heile næringslivet i kommunen. Me vil ta vare på og vidareutvikla dei eksisterande verksemder, samt å skapa nye.

For å nå desse måla trur me på å ansvarleggjera kommunen i større grad når det gjeld næringsutvikling. Dette ser me føre oss skal skje umiddelbart ved å etablere ein ny og meir forpliktande modell mellom kommunen, politisk og administrativt, samt Ryfylke Næringshage og Finnøy Næringsforening. Me vil jobba konstruktiv med å få ferdig den strategiske næringsplanen med ein tilhøyrande handlingsplan. Tiltaka i denne planen skal kontinuerlig følgjast opp, og brukast som eit verktøy i vårt politiske arbeid. Me tenkjer oss ei kvartalsvis eller halvårleg rapportering til kommunestyret. Konkret bør denne planen innehalda mellom anna å tiltrekkja seg nye verksemder utanbys. For å få dette til må politikarane aktivt oppsøka verksemder for å høyra og prøva forstå kva som må til for å desse til å etablere seg i kommunen.

Finnøy Venstre  
Ole Klingsheim  
*2.kandidat*